# Møtebok 4 – 2025
# Moster sokneråd
# måndag 7.april 2025

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Nils Otto Espeland, Elisabeth Jacobsen, Aksel Lygre, Elisabeth Gjøsæther Løkling, Arthur Anglevik

**Sak 34 – 2025 Godkjenning av møtebok frå 11.mars og innkalling.**
**Ingen saker til ymse**
**Vedtak:** Innkalling og møtebok vart godkjent.

**Sak 35 – 2025 Oppfylging av tidlegare saker**

***Oppfylging av temakveld 16.01.2025 - forfylgde kristne**
Diakoniutvalet har ikkje hatt møte

***Nådegavekurs. Kvar står saka?**
Inga endring sidan sist møte

***Utstyrsskap – kvar står saka?**
Ikkje noko å melde

***Bilete av prestane til våpenhuset**
Ikkje noko å melde

***Kort evaluering av årsmøte**
- God bibeltime
- Godt frammøte
- Vel gjennomført årsmøte

***Dugnad i våpenhus og vaskerom**
Dato: 10.06. kl.17.00
Rydding i ulike rom. Me treng bil med hengar.

**Sak 36 – 2025 Oversikt over arrangementa vidare**

Temakveld 10.april. Den stille veka og påsken, Konfirmantgudsteneste og fest 27.4. Konfirmasjon10.-11.mai.
**Vedtak:** Ikkje kyrkjekaffi i påsken.
Aksel leiar konfirmasjonsfesten
Gunnvald er kyrkjevert på første konfirmasjon 10.05 kl.10.30.

**Sak 37 – 2025 Årsmøtet – oppfylging av innspel om støttelag: kva, kven og korleis?**
**Vedtak:** Hans Magne N. Stokka utfordrar nokon til vera med i ei oppstartgruppe for praktisk dugnadsarbeid.
Deretter kallar ein inn til eit møte med open invitasjon til heile bygda.

**Sak 38 – 2025 KN-aksjonen 8.april – me sjekkar at alt er klart**
**Vedtak**: Alt er planlagt og klart.

**Sak 39 – 2025: 17-mai.** 17.mai-komiteen ynskjer at soknerådet overtek ansvaret for gudstenesta i amfiet.
**Vedtak:** Soknerådet tar noko av kostnaden med lydanlegget til amfiet.
Soknerådet stiller med to stk. til dugnaden i amfiet 16. og 17.mai
Elisabeth J. og Arthur stiller 16.mai. Rune og Elisabeth J. stiller 17.mai.

**Sak 40 – 2025: Konfirmantkappane må gjerast klare**
**Vedtak:** 6.mai 14.30 skal konfirmantane fotograferast. Kappane må då vere klar til prøving. Solveig vert med og spør nokre andre. Kappane må sjåast over og strykast før dette. Solveig spør etter personar som kan vera med på dette.

**Sak 41 – 2025 Førebels økonomisk rapport 1.kvartal 2025**
**Vedtak:** førebels økonomisk rapport er tatt til vitande

**Sak 42 – 2025 Referat og meldingar**
Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv – rapport tilsendt
TOL-utvalet er blitt til KUL- utvalet – ikkje noko å melde
Diakoniutvalet – ikkje møte
Fellesråd og administrasjon
Estlandskomiteen – kjekk helg med kjekt og nyttig besøk. Positive utvikling i at Estland tek meir ansvar for sommarleiren, både praktisk og økonomisk

Komité for hefte om nytt orgel: klar for å sendes i trykk. Heftet skal vera til neste soknerådsmøte
Soknerådsleiar, - ikkje noko å melda
Sokneprest - orientering om gudstenesta 1.pinsedag

.